

Doktor Haugen slik du minnest han 4.

17.12.2014



VAKSINE PÅ REKKJE OG RAD.

Per Myklebust har og mange minne om doktor Haugen. Haugen hadde jo lenge Uskedals-kontoret sitt i 2. etasje i huset til foreldra hans, Bjarne og Fretsy Myklebust. Denne hendinga skjedde imidlertid i Rosendal rundt 1960.

Per gjekk på realskulen i Rosendal, og det hadde seg slik at dr. Haugen hadde fått for mykje polio-vaksine slik at han hadde noko til overs. Dette fann han ut han ville bruke på dei eldste skuleelevane.

Per hugsar godt vaksinasjonen som skjedde raskt og effektivt i kjent Haugen-stil på legekantoret hans. Gutane stilte på rekkje. Ein etter ein måtte dei fire buksa, og så fekk dei eit raskt sprøytstikk bak.

Dette var lenge før eingongssprøytene si tid, og sprøytene vart effektivt desinfisert i flammen på ein spritbrennar mellom kvart «offer».

Då Dr. Haugen hadde sett sprøyta på siste guten i klassen, kom han med følgjande kommentar: «Nå har dere fått en femmer i ræven så nå kan dere gå ned og lære mer.»

(Ein vaksinedose kosta altså 5 kr.)

PS: Vi har hatt flott respons og fått inn mykje godt stoff om doktor Haugen. Men vi ønskjer meir. Vi set pris på om de sender eller ringer inn historiar til: uskedalen@knett.no (993 71 325), kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no (915 31 487) eller thordossland@gmail.com (932 88 237).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.